

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit 03.11 2011 på Alexandra hotell i Loen

Tilstades:

Halvar Espeseth
Lars Nesse
Lene Engvik Rasch
Ragnhild Sæle

Saksliste:

Sak 40/11: Referat og meldingar

- Halvar var på representantskapsmøte på Gardemoen 19-20 oktober. Han informerte styret om dei viktigaste sakene som var oppe her.
- Me diskuterte ståa i dyretragedien i Kjøsnesfjorden, og vil halde fram med oppfølginga her.

Sak 41/11: Førebuing av leiarsamlinga 4/11

Me gjekk igjennom programmet, og gjorde nokre små endringar/ korrigeringar. Mellom anna kom alveld inn som tema, då dette har vore eit problem for mange sauebønder i ytre Sogn denne sesongen. Me lagde og deltakarliste for leiarsamlinga.

Sak 42/11: Beitekonferanse i Oppdal 11-12 februar 2012

Kostnadene på dette vil for oss kome opp i ca 10 000 totalt, for ein person. Dette blir for dyrt, og me satsar på å få til eit alternativ sjølv.

Sak 43/11: Førebuing til årsmøte

Me så på alveld som eit naturleg tema her, då dette som nemnd har vore eit problem i år. Elles ville me ta opp ynskje om tema og opplegg for årsmøte med lokallagsleiarane neste dag. (4/11). I tillegg kan det bli aktuelt å sende brev til lokallagsleiarane, kor me ber om innspel. Me kjem attende til dette.

Sak 44/11: Ymse

Årsmelding: Den som ringer rundt til annonsørar må lage ei liste over adresser og pris. Me vil med fordel kunne skjære ned på sidetalet. Og me treng kanskje ikkje så mange papirutgåver som me har hatt til no.

Ref: Lene E.Rasch